



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 21.10.2021
Møtestad: Brannstasjonen på Mo
Møtetid: 09:00 - 15:00

Formannskapsmøtet går i utgangspunktet over to dagar,
med hovudvekt på budsjett og økonomiplan.

Torsdag 21. okt vert tenesteleiarane med for å presentere si eining.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Magne Verpelstad	Økonomisjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
028/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/2021	Godkjenning av møteprotokoll
030/2021	Orienteringssaker
031/2021	Justering av kommunegrensa - Alver, Modalen og Masfjorden

Notat frå møtet:

028/2021: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

029/2021: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

030/2021: Orienteringssaker

Behandling:

Leiarane informerte om si eining, og om endra føresetnadar som legg til grunn for deira budsjettframlegg for neste år.

Økonomisjef orienterte om om dei økonomiske føresetnadane for neste års budsjett, og for den kommande økonomiplanen. Det mest vesentlege her er dei nye prognosane frå BKK som viser ein nedgang i eigedomsskatt til neste år. Nye prognosar for åra som kjem er ikkje motteke endå. Dette vert innarbeida i administrasjonen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan, som vert sak på neste formannskapsmøte. På noverande tidspunkt må administrasjonen saldere om lag 7,7 mill kr i budsjettframlegget i høve dei innkomne budsjettframlegga frå einingane.

Formannskapet bed om at ein drøftar bustadutvikling på og nær Mo som temamøte i kommunestyret. Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik førebur presentasjon om temaet til kommunestyremøtet 4. nov.

Opningsfest for nybygget vert over nyttår. Det vert lyst ut namnekonkurranse på kva namn nybygget skal ha på facebook/heimesida. Elsykkele som premie til vinnaren. Formannskapet er jury.

28. okt er det Bispevisitas i Modalen. Rådmannen og formannskapet er invitert til å ta del i besøket.

Høyringsfristen for Modalen kommune i saka om vilkårsrevisjon for Steinslands- og Modalsvassdraget er utsett til 1. feb 2022.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

031/2021: Justering av kommunegrensa - Alver, Modalen og Masfjorden

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune støttar innbyggjarinitiativet til konsekvensutgreiing av grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar.

Modalen kommune bed om at tilhøva som vert gjort greie for nedanfor vert teke med i ei evt konsekvensutgreiing.
